



9000 f.Kr.	Dei første jordbruksamfunna oppstår i området Den fruktbare halv månen (frå Middelhavet/Svartehavet til Persiabukta).
7000 f.Kr.	Dei første spora etter risdyrking i Kina og Sør-Asia.
6500 f.Kr.	Jordbruket til Europa.
4000–3000 f.Kr.	Jordbruket når Skandinavia.
3500 f.Kr.	Dei tidlegaste sivilisasjonane oppstår i Mesopotamia (dagens Irak) og Egypt.
2700 f.Kr.	Dei første pyramidane blir bygd i Egypt.
2500–1800 f.Kr.	Indus-sivilisasjonen i dagens Pakistan.
2000–1400 f.Kr.	Den første europeiske sivilisasjonen på Kreta.
1200–100 f.Kr.	Olmec-sivilisasjonen i Mexico.
1800 e.Kr.	Jordbruket når Australia.






800–500 f.Kr.	Grekarane etablerer byar og koloniar rundt Svartehavet og Middelhavet.
509–31 f.Kr.	Romarriket blir styrt som republikk.
500–338 f.Kr.	Gresk stordomstid. Demokratiet blir innført i Athen.
431–404 f.Kr.	Krig mellom Athen og Sparta.
264–146 f.Kr.	Punarkrigane mellom Roma og Kartago.
44 f.Kr.	Cæsar blir myrda. Borgarkrig bryt ut i Romarriket.
27 f.Kr.–476 e.Kr.	Det romerske keisardømmet.
115–117 e.Kr.	Romarriket når si største utstrekning.
391 e.Kr.	Kristendommen blir offisiell statsreligion i Romarriket.
395 e.Kr.	Romarriket delt i to, Vestromarriket og Austromarriket.
476 e.Kr.	Vestromarriket går under.
1453 e.Kr.	Austromarriket går under.






300–600	Folkevandringstid.
768–814	Frankerriket når si største utstrekning under Karl den store, som blir krona til keisar av paven i Roma.
800–1000	Vikingar, arabarar og madjarar angrip Vest-Europa.
962	Otto I blir krona til første tysk-romerske keisar i 962. Opptakta til <i>Det tysk-romerske riket</i> (som eksisterer til 1806).
1100–1200	Krosstoga.
1119	Det første universitetet i Europa blir oppretta i Bologna i Italia.
1347–1351	Svartedauden i Europa.





793–1066	Vikingtida.
800–1000	Norsk busetnad på øyane i vest.
880–900	Tilnærma tidspunkt for slaget i Hafrsfjord. Harald Hårfagres kongedømme.
1030	Olav Haraldsson (Olav den heilage) fell i slaget på Stiklestad.
1130–1240	Borgarkrigane.
1152	Erkebispedømme blir oppretta i Nidaros.
1163	Magnus Erlingsson blir konge etter ny tronfølgjelov.
1184	Sverre Sigurdsson slår Magnus i slaget ved Fimreite.
1217	Håkon Håkonsson, barnebarn av Sverre, blir konge.







1217	Håkon Håkonsson blir konge.
1260–1270	Noregsveldet på det største.
1274–1276	Magnus Lagabøte innfører Landslova og Bylova.
1319–1355	Felles konge med Sverige.
1349	Svartedauden kjem til Noreg (Bergen).
1350–1400	Hanseatane i norske byar.
1380–1814	Felles konge med Danmark.
1397	Kalmarunionen mellom Danmark, Sverige og Noreg.
1536–1537	Det norske riksrådet blir avskaffa. Reformasjon. Noreg lydrike under Danmark.






1500	Vannsaga kjem i bruk i Noreg.
1500–1650	Trelastnæringa utviklar seg.
1520	Om lag 170 000 nordmenn.
1623	Sølvverket på Kongsberg.
1644	Koparverket på Røros.
1650–1750	Sjøfartsnæringa utviklar seg.
1750–1760	Potetdyrking kjem i gang fleire stader i Noreg.
1801	880 000 nordmenn i den første folketeljinga med omtale av kvar person. 77 000 gardbrukarar, 55 000 husmenn og 1800 embetsmenn. 10 % i byar.





- 1776 Den amerikanske sjølvstendeerklæringa.
- 1787 Den amerikanske grunnlova.
- 1789 Den franske revolusjonen begynner. Stormen på Bastillen 14. juli.
- 1794 Robespierre fell.
- 1799–1815 Napoleonstida. Napoleon slått ved Waterloo i 1815.
- 1814–1815 Wien-kongressen nyordnar Europa.






- 1807 Danmark-Noreg kjem med i napoleonskrigane.
- 1808–1809 Krig mellom Danmark-Noreg og Sverige.
- 1810 Den franske marskalken Bernadotte blir svensk tronføljar med namnet Karl Johan.


1814:

14. januar Den danske kongen avstår Noreg til den svenske kongen.
16. februar Den danske tronføljaren Kristian Fredrik held stormannsmøte på Eidsvoll.
10. april Riksforsamlinga møtest på Eidsvoll.
17. mai Grunnlova blir underskriven, og Kristian Fredrik blir vald til konge.
26. juli Karl Johan går til angrep på Noreg i Østfold.
14. august Mossekonvensjonen stansar krigen.
10. oktober Kristian Fredrik går av for eit nyvalt Storting.
4. november Revidert grunnlov. Personalunion med Sverige.






- | | |
|-----------|--|
| 1820–1830 | Ein del nordmenn, først og fremst studentar, begynner å markere 17. mai. |
| 1828 | Unionskongen Karl Johan legg ned forbod mot feiring av 17. mai. |
| 1829 | Studentar i Kristiania deler ut løpesetlar og songhefte med nasjonale songar.
«Torgslaget». |
| 1832 | Henrik Wergeland held den første offentlege 17. mai-talen. |
| 1836 | 17. mai blir rekna som innstifta som nasjonaldag. |
| 1864 | «Ja, vi elsker» blir framført første gongen. |
| 1870 | Det første barnetoget (berre for gitar) blir arrangert i Kristiania. |
| 1889 | Jentene blir også med i barnetoget. |
| 1906 | Kongefamilien helsar barnetoget i Oslo frå slottsbalkongen første gongen. |







- 1712 Den første dampmaskinen til Thomas Newcomen blir brukt til å pumpe vatn opp av gruvene.
- 1764 Spinnemaskinen «Spinning Jenny», driven av handkraft.
- 1771 Den første fabrikken.
- 1785 James Watts dampmaskin blir brukt til å spinne tråd.
- 1825 Den første dampdrivne jernbanen blir opna i Storbritannia.
- 1830–1840 Fabrikkindustrien spreier seg til Belgia, Frankrike og Tyskland.
- 1844 Samuel Morse (USA) skriv det første telegrammet i verda.
- 1870–1914 Den andre industrielle revolusjonen.
- 1875 Alexander Graham Bell (USA) lagar den første telefonen i verda.
- 1889 Eiffeltårnet i Paris står ferdig til verdsutstillinga.












1840–1850	Dei første fabrikkane.
1850	Ein femdel av befolkninga bur i byar og tettbygde strøk. Dei fleste lever av jordbruk og er mangesyslarar.
1850–1875	Fiskerinæringa, tømmer næringa og skipsfarten veks. Den første industrialiseringsfasen.
1860–1880	Dei første arbeidar- og fagforeiningane blir skipa.
1865–1910	Masseutvandring til Amerika.
1890–1914	Den andre industrialiseringsfasen.
1892	Fabrikkarbeid for barn blir forbode.
1899–1900	<i>Arbeidernes faglige landsorganisasjon (LO)</i> <i>Norsk Arbeidsgiverforening (NAF)</i> blir skipa.
1907	Den første landsomfattande arbeidskonflikten.
1914	Ein tredel av befolkninga bur i byar og tettbygde strøk.









- 1814 Noreg får demokratisk grunnlov og felles konge med Sverige.
- 1837 Kommunalt sjølvstyre.
- 1860–1880 Ny skolelov betrar skoletilbodet. Bedehusrørsla spreier seg.
- 1882–1884 Kvinner får ta examen artium, får full rett til å studere ved universitetet og *Norsk Kvinnesaksforening* blir skipa.
- 1884 Partia Venstre og Høgre blir skipa. Innføring av parlamentarisme. «Embetsmannsstaten» (1814–1884) fell.
- 1887 Det norske Arbeidarparti blir skipa.
- 1889 Ny skolelov utvidar skoletida og lærestoffet.
- 1898 Allmenn røysterett for menn.
- 1905 Noreg går ut av unionen med Sverige. Haakon 7. blir norsk konge etter folkeavrøysting om kongedømme/monarki.
- 1913 Allmenn røysterett.







- 1806 Britane erobrar Kapp-kolonien.
- 1810–1823 Latinamerikanske statar som Argentina, Brasil, Chile og Mexico blir sjølvstendige.
- 1858 India blir kronkoloni.
Frankrike begynner erobringa av Indokina.
- 1870–1914 Kappløp mellom dei europeiske stormaktene om koloniar i Afrika.
- 1884–1885 Berlin-konferansen om deling av Afrika.
- 1885 Kongo-fristaten blir oppretta.
- 1895–1898 Panama og Cuba blir amerikanske protektorat.








- | | |
|-----------|--|
| 1848 | Liberale og nasjonalistiske revolusjonar i Vest-Europa. |
| 1861 | Kongeriket Italia blir proklamert. |
| 1861–1865 | Den amerikanske borgarkrigen. |
| 1865 | Slaveriet blir oppheva i USA. |
| 1870–1871 | Den tysk-franske krig.
Det tyske keisardømmet blir utropa i 1871. |
| 1878 | Berlin-konferansen om grenser og statstilhør på Balkan. |
| 1924 | Indianarane i USA får røysterett. |







- 1882 Trippelalliansen mellom Tyskland, Austerrike-Ungarn og Italia blir underteikna.
- 1893–1907 Alliansar blir inngåtte mellom Frankrike, Russland og England (trippelententen).
- 1914:**
28. juni Den austerriksk-ungarske tronføljaren Frans Ferdinand og kronprinsessa blir myrda i Sarajevo.
28. juli Austerrike-Ungarn erklærer Serbia krig.
1. august Tyskland erklærer Russland krig.
3. august Tyskland erklærer Frankrike krig og invaderer Belgia.
4. august Storbritannia erklærer Tyskland krig. Den norske regjeringa vedtek full nøytralitet.
- 1915–1916 Lange og blodige slag på Vestfronten. Tyskland erklærer uinnskrenka ubåtkrig.
- 1917 USA erklærer Tyskland krig.
- 1918 Tyskland får ei ny parlamentarisk regjering og aksepterer våpenkvila.
- 1919 Fredskonferanse i Versailles. Folkeforbundet blir skipa.
- 1920–1930 Samlebandproduksjon og masseforbruk i USA.
- 1929 Krakket på børsen i New York.
- 1929–1933 Global krise og depresjon.
- 1933 Franklin D. Roosevelt blir president i USA og lanserer New Deal.







- 1917 Revolusjonar i Russland.
- 1918–1922 Borgarkrig i Russland.
- 1919 *Det nasjonale sosialistiske tyske arbeiderparti* (NSDAP) blir skipa. *Fasci di combattimento* blir skipa i Italia.
- 1922 Unionen av sosialistiske sovjetrepublikkar (Sovjetunionen) blir oppretta. Fascistane marsjerer mot Roma. Mussolini blir statsminister.
- 1925 Boka *Mein Kampf* av Hitler kjem ut.
- 1929 Tvangskollektiviseringa i Sovjetunionen tek til.
- 1930 Økonomisk krise i Tyskland.
- 1936–1938 Moskva-prosessane.
- 1933 NSDAP får 44 % av røystene ved riksdagsvalet. Hitler blir rikskanslar. Riksdagen brenn. Nazifiseringa av den tyske staten tek til.






- 1936–1939 Den spanske borgarkrigen.
- 1937 Japan går til angrep på Kina.
- 1938 Austerrike blir innlemma i Tyskland.
Münchenforliket.
- 1939 Tyskland okkuperer Tsjekkoslovakia.
Tyskland og Sovjetunionen okkuperer kvar sin del av Polen.
- 1940 Sovjetunionen okkuperer dei baltiske statane.
Tyskland okkuperer Noreg, Danmark, Belgia, Nederland og halve Frankrike.
Slaget om Storbritannia.
- 1941 Tyskland går til angrep på Sovjetunionen.
Japan bombar Pearl Harbor. USA går inn i krigen.
- 1942 Planen om "den endelege løysinga" på jødespørsmålet blir vedteken under Wannsee-konferansen.
Japan invaderer Sørøst-Asia.
- 1942–1943 Vendepunkt: Slaget ved Midway, slaget ved Stalingrad og slaget ved El Alamein i Egypt.
- 1944 Allierte styrkar går i land i Normandie i Frankrike (D-dagen).
- 1945 Hitler tek sitt eige liv (30. april).
Tyskland kapitulere (8. mai).
Atombomber blir sleppte over Hiroshima (6. august) og Nagasaki (9. august).
Japan kapitulere (14. august).
Nürnbergprosessane startar.
De sameinte nasjonane (SN eller FN) blir skipa.





1940:



9. april Tyskland går til angrep på Noreg. Kongen og regjeringa flyktar. Quisling gjer statskupp.
15. april Eit administrasjonsråd tek over leiinga av landet. Terboven blir sett inn som øvste tyske leiar i Noreg.
10. juni Dei militære styrkane i Nord-Noreg kapitulerer.
25. september NS utropt til einaste lovlege parti.
- 1941 Dei første fangeleirane for austuropeiske krigsfangar blir oppretta.
- 1942 Quisling blir ministerpresident i ei rein NS-regjering. Aukande sivile protestar mot nazifiseringa. Fleire motstandsnettverk blir skipa. Dei norske jødane blir arresterte og deporterte.
- 1944–1945 Tyskarane brenn ned alle hus i Finnmark og Nord-Troms og tvangsevakuierer befolkninga.
- 1945 Dei tyske styrkane i Noreg kapitulerer (8. mai).
- 1945–1951 Rettsoppgjeret.





- 1945–1948 Kommunistisk maktovertaking i fleire austeuropeiske land.
- 1947 Trumandoktrinen og Marshallplanen.
- 1948–1949 Berlin-blokaden.
- 1949 NATO blir oppretta.
Den første atombomba i Sovjetunionen. Våpenkappløpet er i gang.
- 1950–1953 Koreakrigen.
- 1959 Fidel Castro til makta på Cuba.
- 1961 Berlinmuren blir reist.
- 1962 Cubakrisa.
- 1964–1973 Vietnamkrigen.
- 1968 Sovjetisk invasjon i Tsjekkoslovakia.
- 1969 Det første mennesket til månen.
- 1980 Solidaritet blir skipa i Polen.
- 1985 Mikhail Gorbatsjov til makta i Sovjetunionen.
- 1989 Berlinmuren fell.
- 1991 Sovjetunionen går i oppløysing. Den kalde krigen er slutt.










1945	Noreg går med i FN.
1945–1952	Planøkonomi. Pris- og produksjonsreguleringar. Rasjonering.
1945–1965	«Eittpartistaten». Arbeidarpartiet i regjeringsposisjon gjennom nesten heile perioden.
1949	Noreg inn i NATO.
1960–1970	Utviklinga av velferdsstaten begynner.
1968–1972	Ungdomsopprør og utdanningseksplasjon.
1969	Oljefunn i Nordsjøen. Oljeeventyret begynner. Økonomisk vekst.
1972	Folket seier nei til norsk EF-medlemskap.
1978	Lov om likestilling og Lov om sjølvvald abort blir vedteken.
1979	Alta-aksjonen.
1981	Gro Harlem Brundtland blir første kvinnelege statsminister i Noreg.
1982–1995	NRK-monopolet blir brote. Reklamefjernsyn og fleire kanalar. Datamaskinar og Internett blir vanlege i norske heimar på 1990-talet.
1986	«Kvinneregjeringa» til Gro Harlem Brundtland.
1986–1991	Nedgangstid: Konkursar, bankkrise og rekordhøg arbeidsløyse.
1989	Det første Sametinget blir valt.
1994	Folket seier nei til EU-medlemskap ved ny folkeavrøysting.







1865–1900	Noreg har høgare innvandring i forhold til folketallet enn dei fleste europeiske land.
1880	Samiske og kvenske barn skal undervisast på norsk.
1888–1914	Stadig strengare innvandringspolitikk.
1890–1900	Jødiske flyktningar frå Aust-Europa.
1950–1970	Arbeidssøkjjarar frå nabolanda og Sør- og Aust-Europa.
1970–1975	Auka global innvandring.
1975	Innvandringsstopp. Mest flyktningar og asylsøkjjarar til Noreg etter 1975.
1987–1989	Ny samelov og det første Sametinget blir valt.
1990	Mange arbeidsinnflyttarar frå EU-land frå 1990-talet.
2000	Bygdesamfunn som står i fare for fråflytting, begynner å rekruttere innflyttarar frå kontinentet.





- | | |
|-----------|--|
| 1899–1900 | Opprør mot europeiske inntrengingar blir slått ned. Forsterka utanlandsk kontroll. |
| 1912 | Det gamle keisarriket bryt saman. |
| 1921 | Det kinesiske kommunistpartiet blir skipa. |
| 1934–1935 | «Den lange marsjen». Mao Zedong blir leiaren av kommunistpartiet. |
| 1946–1949 | Borgarkrig. |
| 1949 | Folkerepublikken Kina blir proklamert. |
| 1958–1962 | «Det store spranget framover». |
| 1966–1969 | Kulturrevolusjonen. |
| 1976 | Mao dør. |
| 1980–2010 | Sterk økonomisk vekst og ein kraftig reduksjon av fattigdommen og analfabetismen. |
| 1989 | Studentdemonstrasjonar over heile Kina, særleg på Himmelfredsplassen i Beijing. |





1948	Staten Israel blir oppretta.
1956–1957	Suezkrigen.
1967	Seksdagarskrigen.
1973	Oktoberkrigen.
1979	Revolusjon i Iran.
1980–1988	Krig mellom Iran og Irak.
1982	Israel okkuperer det sørlege Libanon.
1987–1993	Intifadaen, palestinsk opprør på Vestbreidda og i Gaza.
1991	Golfkrigen.
1993	Osloavtalen mellom PLO og Israel.
2001	Terrorangrep mot World Trade Center (New York) og det amerikanske forsvarsdepartementet (Washington). USA går inn i Afghanistan.
2003	USA går til krig mot Irak.
2006	Israel invaderer Libanon.
2008–2009	Gazakrigen.

